

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 02.12.2015

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 03 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 02. desember, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 23 15-17 Godkjenning av innkalling sakliste
SAK 24 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 15-17 i AK
SAK 25 15-17 Referat frå Haustmøtet 27.10.2015
SAK 26 15-17 Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i utd.- og utviklingskomiteen

RAPPORTERING

SAK 27 15-17 Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 28 15-17 Evaluering av Fjord1 samlingane 2015
SAK 29 15-17 Fastsetjing av treningsavgift for Fjord1 samlingane i 2016
SAK 30 15-17 Prosjekt krinstrenar: Plan for sonetrening vinteren 2016
SAK 31 15-17 Handlingsplan 2015-2016
SAK 32 15-17 Fylkeskort for aktive alpinistar
SAK 33 15-17 Hovudlandsrennet 2016 – hovudleiar
SAK 34 15-17 Telenorleikane 2016 – hovudleiar
SAK 35 15-17 Oppf. av arbeid med kvalifiseringstabell til Hovudlandsrennet og Telenorleikane 2016

ORIENTERINGSSAKER

SAK 36 15-17 Terminliste Alpint 2016

EVENTUELT

SAK 37 15-17 Bruk av kortstaur på krinsarrangement t.o.m. klasse U12
SAK 38 15-17 Vårmøtet Alpint NSF/ Skitinget 2016

TIL STADES: Atle Hamar, Per Lambrecths, Per Asbjørn Felde, Hege Venes,
og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Rune Espe

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 23 15-17

**Godkjenning av innkalling sakliste
Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 24 15-17

**Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 15-17 i AK
Bakgrunn**

Protokoll nr. 02 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 02 15-17.

SAK 25 15-17

**Referat frå Haustmøtet 27.10.2015
Bakgrunn**

Referat frå Haustmøtet 2015 er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek referatet frå Haustmøtet til orientering.

SAK 26 15-17

**Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i utd.- og utviklingskomiteen
Bakgrunn**

Protokoll nr. 01 15-17 frå møte i utd.- og utviklingskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 27 15-17

**Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015
Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015 er vedlagt.
Adm. la fram rapporten m/ prognose for 2015.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

Alpinkomiteen gjer vidare vedtak om å gjennomføre ei «e-postrunde» vedr.
handsaminga av budsjettet for 2016.

Forøvrig skal rammene for budsjettet til komiteen handsamast i Skikrinsstyret måndag 07. desember 2015.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 28 15-17

Evaluering av Fjord1 samlingane 2015

Bakgrunn

Komiteen evaluerte Fjord1 samlingane på følgjande punkt:

- Fjord1 Juvass, juni 2015
- Fjord1 barmark m/ Even Hole
- Fjord1 Kvittfjell, november 2015
- Godt sportsleg opplegg både på barmark og ski
- Trenarressursar (ARAN, Even Hole, og øvrige lokale trenarar)

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at Rune Espe (sportsleg leiar i komiteen) følgjer opp prisane på heiskort for foreldre/ føresette i samband med samlingane på Kvittfjell/ Hafjell.

SAK 29 15-17

Fastsetjing av treningsavgift for Fjord1 samlingane i 2016

Bakgrunn

Ref. tidlegare drøftingar i komiteen vedr. evt. auke i treningsavgift for Fjord1 samlingane i 2016.

Alpinkomiteen har sett seg som mål å auke dei økonomiske marginane knytt til komiteen si totale verksemd.

Fjord1 samlingane har i stor grad vore subsidiert gjennom komiteen sine markedsavtalar (Fjord1, Coop Vest SA og Frydenbø AS). På den andre sida har ein over tid sett at kostnadsnivået har auka gradvis, utan at ein har endra nivået på treningsavgiftene. Dette gjeld spesielt treningsavgiftene knytt til samlingane der ein samarbeider med ARAN.

I samband med ARAN-samlingane er treningsavgifta i dag kr. 350,- pr. pers. pr. treningsdag, medan ein på barmarksamlingane har ei treningsavgift på mellom kr. 100,- og kr. 200 pr. dag (inkl. måltider og overnatting). Dvs. at også barmarksamlingane er svært godt subsidierte gjennom avtalane med Sparebanken Vest, Fjord1, Coop Vest SA og Frydenbø AS.

Ved samlinga som til dømes vart gjennomført på Kvittfjell i november så betalar ein kr. 5 750,- pr dag pr. trenar frå ARAN. Dvs. at totalkostnaden er kr. 69 000,- for ei fire-dagars samling med tre trenarar.

Ved ei treningsavgift på kr. 350,- pr. utøvar pr. dag får ein dermed totale inntekter på ca. kr. 60 000,- med eit deltakartal på 45 utøvarar.

Samanlikna med komiteen si omsetjing, så har ein dei siste åra hatt svært små økonomiske marginar, difor må komiteen vurdere å auke treningsavgifta noko i samband med samlingane i 2016.

Ved ei auke i treningsavgifta til kr. 390,- pr. dag så vil komiteen i dei fleste høve klare å balansere samlingane økonomisk, og dermed også skape større økonomiske marginar.

Ei evt. auke i treningsavgifta må vurderast i høve til komiteen sitt øvrige rekrutteringsarbeid i krets og klubb.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å auke treningsavgifta i samband med Fjord1 samlingane med ARAN til kr. 390,- pr. utøvar pr. dag f.o.m. sesongen 2016/ 2017.

Treningsavgifta i samband med Fjord1 barmarkssamlingane skal vere som tidlegare, dvs. kr. 100,- – kr. 200,- pr. utøvar pr. dag (inkl. måltider og overnatting).

SAK 30 15-17

Prosjekt krinstrenar: Plan for sonetrening vinteren 2016

Bakgrunn

Med bakgrunn i Even Hole sin arbeidsavtale med Sogn og Fjordane Skikrins, samt vedtak i Sak 14 15-17 har ein følgjande framlegg om sonetreningar vinteren 2016:

- Sonetrening Sunnfjord:
 - o Sunnfjord Skisenter, 07. januar 2016
 - o Jølster Skisenter, 25. januar 2016
 - o Sunnfjord Skisenter, 19. februar 2016
 - o Jølster Skisenter, 07. mars 2016
- Sonetrening Sogn:
 - o Hodlekve Skisenter, 20. januar 2016
 - o Sogn Skisenter, 11. februar 2016
 - o Hodlekve Skisenter, 02. mars 2016
- Sonetrening Nordfjord:
 - o Harpefossen Skisenter, 13. januar 2016
 - o Stryn Skisenter, 04. februar 2016
 - o Breimsbygda Skisenter, 24. februar 2016
 - o Harpefossen Skisenter, 16. mars 2016

Aktuelle treningar for april og mai vert planlagt på eit seinare tidspunkt.

For øvrig har ein også fått innspel om at det bør leggest til rette for sonetrening i Hornindal Skisenter (i samarbeid med Ørsta-/ Volda Alpin)

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek planen slik den føreligg. I tillegg skal ein vurdere å legge til rette for trening i Hornindal Skisenter (i samarbeid med Ørsta- Volda Alpin og Hornindal IL) vinteren 2016.

SAK 31 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Ref. vedtak i Sak 16 15-17.

Utgangspunkt for handlingsplan 2015-2016 er vedlagt.
Ein legg opp til at arbeidet med planen skal ferdigstillast i møtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek Handlingsplan 2015-2016 utarbeida i møtet.

SAK 32 15-17

Fylkeskort for aktive alpinistar

Bakgrunn

I samband med komiteen sitt Haustmøte 2015 kom det framlegg om at alpinkomiteen bør arbeide for å få på plass eit «fylkeskort» (heiskort) for aktive alpinistar.

Jamfør drøftingar på Haustmøtet er dette eit konkret framlegg som vil gjere alpinsporten noko økonomisk rimlegare å utøve.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å:

- 1) Kontakte SkiData for å kartlegge standard for heiskortsystem i Sogn og Fjordane.
- 2) Etter tilbakemelding frå SkiData sender komiteen eit skriv til anleggseigarane med oppmoding om fast pris for rennkort i Sogn og Fjordane.
- 3) Vidare skal alpinkomiteen oppmode anleggseigarane om å vere med i ein prosess knytt til etablering av eit *Fylkeskort* for aktive alpinistar. Ei evt. oppmoding til anleggseigarane vil vere avhengig av tilbakemelding frå SkiData.

SAK 33 15-17

Hovudlandsrennet 2016 – hovudleiar

Bakgrunn

Hovudlandsrennet i alpint vert avvikla på Bjorli i perioden 15.-20. mars 2016.

Komiteen oppnemner hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak:

- 1) Even Hole er hovudleiar for fartsdelen.
- 2) Atle Hamar er hovudleiar for dei tekniske disiplinane.

SAK 34 15-17

Telenorleikane 2016 – hovudleiar

Bakgrunn

Telenorleikane i alpint vert avvikla i Meråker i perioden 09.-13. mars 2016.

Komiteen oppnemner hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Per Lambrechth og Per Asbjørn Felde skal vere hovudleiarar.

SAK 35 15-17

Oppf. av arbeid med kvalifiseringstabell til Hovudlandsrennet og Telenorleikane 2016

Bakgrunn

Jamfør Sogn og Fjordane Skikrins sine kvalifiseringsreglar for puljeplassering av løparar til Hovudlandsrennet og Telenorleikane i 2016, skal to av komiteen sine medlemmer syte for utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabell.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at Per Asbjørn Felde og Hege Venes skal utføre arbeidet med utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabell i 2016.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 36 15-17

Terminliste Alpint 2016

Bakgrunn

Terminliste Alpint 2016 vart handsama i samband med Haustmøtet 27. oktober 2015.

Etter innspel frå Haustmøtet er terminlista justert på følgjande punkt jamfør e-post til komiteen d.s. 05. november 2115.

- 1) Arrangementet på Hafslo 10. januar vert approbert som planlagt. Luster Telemark og NSF har utsett NC og landslagssamling til helga etter, 16.-17. januar.
- 2) KM på Utviken (opphaveleg terminfesta 13.-14. feb.) er flytta til 27.-28. februar grunna kollisjon med Poka Loka.
- 3) Arrangementa i Førde og Stryn som opphaveleg var planlagt 27.-28. februar er flytta til 13.-14. februar.
- 4) Førde IL var sett opp med to kvalik. renn i SL 27. februar, i nytt framlegg til terminliste står dei no oppført med ett renn i SL 13. februar.
- 5) Stryn T&IL var i utgangspunktet ikkje sett opp med kvalik. renn, men eit ordinært krinsrenn i SSL. Etter innspel frå Haustmøtet er dei no sett opp med kvalik. renn 14. februar, og for å få tal renn til å gå opp med kvalik. reglementet får dei no ett arrangement i SL.

Komiteen har tidlegare godkjent endringane pr. e-post, og terminlista er dermed å sjå på som vedtatt.

VEDTAK

Komiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at Terminliste Alpint er godkjent slik den føreligg.

EVENTUELT
SAK 37 15-17

Bruk av kortstaur på krinsarrangement t.o.m. klasse U12

Bakgrunn

Leiar i komiteen fremmar forslag om at fleire arrangørar av alpinarrangement i Sogn og Fjordane bør legge til rette for arrangement med kortstaur t.o.m. klasse U12 (slalåm).

Bakgrunn for framlegget er knytt til at det vert nytta kortstaur på *Bendit* og *Donald Duck* i Hemsedal. I tillegg har skiforbundet oppmoda laga om å legge til rette for arrangement med kortstaur for nemnde aldersgrupper.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at ein ved krinsrenn i slalåm skal oppmode laga om å legge til rette for ei løype med kortstaur t.o.m. klasse U12.

SAK 38 15-17

Vårmøtet Alpint NSF/ Skitinget 2016

Bakgrunn

Norges Skiforbund skal avvikle Vårmøter og Skitinget 2016 i Trondheim 25.-29. mai.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Atle Hamar og Hege Venes er utsendingar til Norges Skiforbund sitt Vårmøte Alpint i Trondheim.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 24 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 02 15-17 i AK

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 24.09.2015

Arkivk.: ak/møter/protokoll /15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 02 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Torsdag 24. september 2015, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 09 15-17 Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i Skikrinsstyret
SAK 10 15-17 Arbeidsavtale Even Hole

RAPPORTERING

SAK 11 15-17 Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 12 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 13 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK
SAK 14 15-17 Organisering av arbeidet til krinstrenar
SAK 15 15-17 Handlingsplan 2014-2015
SAK 16 15-17 Handlingsplan 2015-2016
SAK 17 15-17 Terminliste 2015-2016
SAK 18 15-17 Haustmøtet 2015

ORIENTERINGSSAKER

SAK 19 15-17 Status Fjord1 samlingar 2015-2016
SAK 20 15-17 Samarbeidsavtale Fjord1
SAK 21 15-17 Samarbeidsavtale Sparebanken Vest

EVENTUELT

SAK 22 15-17 Alternativt opplegg til Fjord1 samling i Hintertux på Juvass i 2016

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

TIL STADES: Atle Hamar, Per Lambrethts, Rune Espe, Per Asbjørn Felde, Hege Venes, og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 09 15-17 **Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK
Teke til orientering.

SAK 10 15-17 **Arbeidsavtale Even Hole**
Bakgrunn
Even Hole sin arbeidsavtale m/ vedlegg er vedlagt.

VEDTAK
Teke til orientering.

RAPPORTERING

SAK 11 15-17 **Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015**
Bakgrunn
Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015 er vedlagt.
Adm. presenterte rapporten.

VEDTAK
Teke til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 12 15-17 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK
Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 13 15-17 **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK**
Bakgrunn
Protokoll nr. 01 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK
Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 01 15-17.

SAK 14 15-17

Organisering av arbeidet til krinstrenar

Bakgrunn

Med omsyn til skikrinsen si tilsetting av Even Hole som krinstrenar i alpint, skal komiteen ta stilling til korleis dette arbeidet skal organiserast.

Dvs. at komiteen konkretiserar følgjande hovudarbeidsområde jf. krinstrenar sin arbeidsavtale (vedlagt, sak 10 15-17):

- Delta i sesongplanlegging av SFSK sine sportslege aktivitetar
- Legge til rette for sonevise klubbtreningar i høve til planlagde sesongaktivitetar
- Planlegge, gjennomføre og evaluere barmarkssamlingar i høve til planlagde sesongaktivitetar
- Delta i utarbeiding av utviklingsplanar for krins, klubb og utøvarar
- Planlegge og gjennomføre trenarkurs i alpint
- Sportsleg hovudleiar for SFSK i samband med Hovudlandsrennet i alpint (gjeld spesifikt fartsdelen).

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Krinstrenar skal vere sportsleg hovudleiar i samband med Hovudlandsrennet i alpint. I 2015 skal Hovudlandsrennet gjennomførast på Bjorli 15.-20. mars 2016. Dette gjeld spesifikt fartsdelen.
- Krinstrenar skal vere hovudtrenar for eit samlingsbasert barmarksopplegg etter modellen frå 2015 (5-6 samlingar i perioden august-okt./ nov.).
- Krinstrenar skal vere hovudtrenar på min. ei skisamling i mai/ juni.
- Krinstrenar skal vere kurslærer i samband med min. 1 trenarkurs (Trenar I) pr. år, i tillegg til modulbaserte kursopplegg i klubb
- Krinstrenar skal gjennomføre klubb utviklingsprosessar i aktuelle alpingrupper hausten 2015 (Krinstrenar lagar plan for klubbbesøk saman med adm. sjef)
- Krinstrenar skal legge til for eit sonebasert treningsopplegg i klubbane frå januar-mars.

Ein legg opp til ei trening pr. sone kvar tredje veke. I tillegg skal ein legge til rette for enkelte skitreningar rennfrie dagar i helgane jf. terminlista. (Krinstrenar utarbeidar plan for sonebasert treningsopplegg saman med adm. sjef og aktuelle klubbar, planen for 2016 skal vere klar innan utgangen av november 2015).

Leiar i AK følgjer opp vedtaket saman med adm. sjef.

SAK 15 15-17

Handlingsplan 2014-2015

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins arbeider med utgangspunkt i Strategiplanen 2013-2017. Planen vart vedteken i samband med Skikrinstinget på Skei i 2013, og planen er den organiserte skiidretten i Sogn og Fjordane sitt skipolitiske dokument.

Planen er seinare revidert i samband med Skikrinstinget i 2015.

Dette dokumentet dannar grunnlaget for Skikrinsstyret og greinkomitéane sine årlege handlingsplanar.

Summen av dei årlege handlingsplanane i heile strategiperioden skal gje oss størst mogleg grad av måloppnåelse. Dette skal hjelpe oss å til å skape ein endå betre aktivitet i klubb og krins.

Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017 finn ein vedlagt, i lag med komiteen sin handlingsplan for perioden 2014-2015.

I møtet gjorde alpinkomiteen opp status i planarbeidet for perioden 2014-2015.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek planen til orientering, og gjer vidare vedtak om å legge den til grunn i utarbeidinga av handlingsplan for perioden 2015-2016.

SAK 16 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Med bakgrunn i Sak 15 15-17 skal komiteen utvikle ny handlingsplan for perioden 2015-2016.

VEDTAK

Med bakgrunn i drøftingar og arbeid i møtet vedtek komiteen handlingsplan for perioden 2015-2016.

Planen skal presenterast i samband med Haustmøtet 2015.

SAK 17 15-17

Terminliste 2015-2016

Bakgrunn

Rammene for terminlista 2015-2016 vart lagt fram i samband med skikrinsen sitt Vårmøte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 01. juli, med svarfrist 01. september 2015.

Framlegg til Terminliste Alpint 2015-2016 finn ein vedlagt.

Pr. 18. september er det ikkje komt inn innspel til Terminlista 2015-2016.

Ein skal forøvrig vere merksam på at tidspunktet for Hovudlandsrennet 2016 er flytta til 15.-20. mars 2016. Opphavelag tidspunkt for meisterskapen var 01.-06. mars 2016.

VEDTAK

Med bakgrunn i endringar drøfta i møtet vedtek komiteen Terminliste Alpint 2015-2016.

Terminlista skal endeleg handsamast i samband med Haustmøtet 2015.

SAK 18 15-17

Haustmøtet 2015

Bakgrunn

Skikrinsstyret har i møte nr. 01 15-17 (Sak 09 15-17) gjort vedtak om at Haustmøtet skal avviklast tysdag 27. oktober 2015.

Møtet vert avvikla på Skei v/ Thon Jølster Hotel.

Komiteen utarbeider sakliste til møtet.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Haustmøtet 2015:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Val av referent
- Presentasjon – Sparebanken Vest
- Terminliste 2015-2016
- Handlingsplan 2015-2016
- Status Fjord1 samlingar (evaluering p.t. m.m.)
- Kompetanseutvikling;
 - o Trenarutvikling
 - o Klubbutvikling
 - o TD
 - o Sportsplan
- Rekneskap 1. halvår 2015
- Eventuelt

ORIENTERINGSSAKER

SAK 19 15-17

Status Fjord1 samlingar 2015-2016

Bakgrunn

Med bakgrunn i tidlegare vedtak er alpinkomiteen ansvarleg for planlegging, gjennomføring og evaluering av følgjande Fjord1 samlingar sesongen 2015-2016.

- Jølster, 01.-03. mai 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Jølster IL/ skikrinsen
Tal påmelde: 18

- Jølster, 14.-16. mai 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Jølster IL/ skikrinsen
Tal påmelde: 33
- Juvass, 12.-14. juni 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 14
- Juvass, 14.-16. august 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 20
- Sandane, 21.-22. august 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: BBIL
Tal påmelde: 30
- Sogndal, 12.-13. september 2015 (gjennomført på Sandane)
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Sogndal IL
Tal påmelde: 27
- Jølster, 26.-27. september 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Jølster IL
Tal påmelde: 26
- Hintertux, 03.-10. oktober 2015
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 24
Logistikk, transport av utstyr: Kjell Tore Nornes og Vidar Taklo
- Førde, 24.-25. oktober 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Førde IL
Tal påmelde: 23
- Breim, 31. okt.-01. november 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: BBIL
Tal påmelde: 22
- Hafjell/ Kvitfjell, 26.-29. november 2015
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 32

- Hafjell, 02.-05. januar 2016
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 35
- Sogn og Fjordane, 29.-31. januar 2016
Hovudtrenar: ARAN og Even Hole
Teknisk arrangør: ARAN/ lokalt idrettslag
Tal påmelde: 31
- Hafjell, feb./ mars 2016
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde 19

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 20 15-17

Samarbeidsavtale Fjord1

Bakgrunn

Leiar i alpinkomiteen har saman med adm. sjef gjennomført reforhandlingsmøte med leiinga i Fjord1 07. september 2015. I samband med møtet har Fjord1 stadfesta at samarbeidet vert vidareført på min. av dagens økonomiske nivå.

Leiar og adm. sjef orienterte nærare om det vidare samarbeidet i møtet.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 21 15-17

Samarbeidsavtale Sparebanken Vest

Bakgrunn

Leiar i alpinkomiteen er saman med adm. sjef i sluttfasen vedr. forhandling av ny samarbeidsavtale m/ Sparebanken Vest. Ein har fått tilsendt framlegg til samarbeidsavtale, og den er i samsvar med tidlegare drøftingar og konklusjonar.

Leiar og adm. sjef orienterte nærare om samarbeidsavtalen i møtet.

VEDTAK

Teke til orientering.

EVENTUELT

SAK 22 15-17

Alternativt opplegg til Hintertux på Juvass i 2016

Bakgrunn

Per Asbjørn Felde fremmar forslag om at det i 2016 bør etablerast ei samling på Juvass i haustferien, parallelt med Fjord1 samlinga i Hintertux.



VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å etablere ei breiddesamling på Juvass haustferien i 2016. Samlinga skal gjennomførast parallelt med Fjord1 samlinga i Hintertux.

Samlinga vert planlagt med atterhald om at det er skitilhøve på Juvass i oktober 2016.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

REFERAT FRÅ HAUSTMØTE ALPINT, 27. OKTOBER 2015

Sak 1: Sparebanken Vest ved Tore Dvergsdal informerte om avtalen som er inngått med Sogn og Fjordane skikrins alpint.

Sak 2: Ingen merknader til sakslista

Sak 3: Val av referent: Hege Venes

Sak 4: Per Lambrechts informerte frå NSF om dei nye reglane ved hjelm. Typegodkjenning merka med spesifikasjoner for 2013.

Skikrinsen sitt overnattingstilbod i samband med HL på Bjorli og LF i Meråker, for meir info. sjå www.skikrinsen.no

Sak 5: Even Hole presenterte kva han vil jobbe med denne sesongen; styrke, uthald, koordinasjon og beveglegheit.

Tilbud til alle tre sonene; ei trening i kvar sone tredje kvar veke.

Innslagspunkt vart teke opp, ein kom fram til at det skal vere frå U10.

Sak 6: Det kom fleire tilbakemeldingar på terminlista. Hafslo kan ikkje gjennomføre renn den 10.jan. KM på Breim er same helga som Poca Loka. Stryn ynskjer eit kvallikrenn. Dette er noko som AK må sjå på.

Sak 7: Per Asbjørn Felde informerte om Fjord 1 samlingar og barmarkssamlingar.

Sak 8: Var lite interesse for trenarkurs denne sesongen. TD kurs er sett opp på Hafjellsamlinga i slutten av November.

Runden rundt: Even Hole ynskjer at klubbane tek kontakt med skisenteret om kvar treningane skal føregå, slik at bakken blir trakka.

Elles vart det fremma forslag om at skikrinsen bør arbeide for å få plass eit fylkeskort for aktive alpinistar.

Sak 9: Info om økonomi/sponsor v/ Yngve Thorsen

Hege Venes 28/10-15

Vedlegg SAK 26 15-17 Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i utd.- og utviklingskomiteen

Utd- og utviklingskomiteen@

Sakshand.: YT/FÅ

Dato: 22.10.2015

Arkivk.: utv/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I UTD.- OG UTV. KOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotel
Tidspunkt: Onsdag 21. oktober 2015, kl. 18.00-21.00

Sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 01 15-17 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
SAK 02 15-17 **Leiar- og klubb utvikling i SFSK**
SAK 03 15-17 **SFSK sitt treningstilbod til utøvarar i alderen 13-16 år**
SAK 04 15-17 **Prisnivået i skiidretten**
SAK 05 15-17 **Basistrening på tvers av skigruppene**

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal (leiar), Arhur Hegrenes (LK), Hege Venes (AK), Lars Brekke (HKK) og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Torunn Grut (LK) og Åsa Lerum (LK, ungd. repr.)

MERKNADER: Arthur Hegrenes (leiar LK) møtte på vegne av Torunn Grut og Åsa Lerum.

REFERENT: Yngve Thorsen

SAK 01 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Utd.- og utv. komiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 02 15-17 Leiar- og klubb utvikling i SFSK

Bakgrunn

Skikrinsstyret har i møte 04. september (Sak 05 15-17) gjort vedtak om at utdanning- og utviklingskomiteen skal vurdere å setje i verk eit prosjekt knytt til leiar- og klubb utvikling for skigruppene i Sogn og Fjordane.

Mange organisasjonar kjem til eit punkt der det er behov for å vurdere korleis ein skal utvikle seg vidare. I mange tilfelle kan det vere utfordrande å vite korleis ein skal gå fram for å få det til, og det kan vere vanskeleg å sjølv finne gode metodar og tiltak som utviklar organisasjonen vidare.

Erfaringar viser også at mange lag har lite fokus på mål, handlingsplanar, samarbeid og utvikling. Mange opplever vidare at det kan vere vanskeleg å engasjere medlemmer utover dei som sit i styret.

Elles har ein også tradisjon for å ivareta aktiviteten på ein god måte, medan organisasjonsarbeidet ofte vert forsømt.

Med dette som bakgrunn ynskjer ein å setje i verk ei drøfting m.o.t. korleis ein kan ivareta og utvikle skigruppene i fylket, og korleis ein kan styrke kompetanse og status for gruppeleiarane.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak å starte ei tettare oppfølging av klubbane m.a. gjennom å legge til rette for sonemøter (Nordfjord, Sunnfjord og Sogn). Førermålet med nemnde møter er å legge til rette for tettare samarbeid på tvers av klubbane i sonene, avdekke behov for utviklingstiltak, samt hjelpe laga i sitt arbeid med organisering av klubben.

På kort sikt ser ein føre seg å gjennomføre sonemøter i veke 48/49, og at ein på lengre sikt skal få til ei fast organisering av desse møtestadane.

Døme på sakliste/ agenda ved gjennomføring av sonemøter:

- Info. frå Sogn og Fjordane Skikrins
 - o kva hjelp kan klubbane få av skikrinsen?
 - o vårt aktivitetstilbod
 - o m.m.
- No situasjonen i klubbane
 - o Status i kjerneaktiviteten (breiddeidrett, kompetanseutvikling, arrangement, anlegg)

- Status i støttefunksjonane (rammevilkår/ økonomi, organisasjon, informasjon/ kommunikasjon)
- Veggen vidare, tiltak.


SAK 03 15-17

SFSK sitt treningstilbod til utøvarar i alderen 13-16 år Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins har i dag eit breitt treningstilbod, som varierar frå grein til grein. Fråfallsproblematikken i alderen 13-19 år gjer at ein bør vurdere både konkurranse- og treningstilbodet i Sogn og Fjordane nærare, dette til tross for at statistikken til skikrinsen på dette området er tilfredstillande (ref. statistikk under).

Til dette møtet er det først og fremst treningstilbodet til skikrinsen og laga i alderen 13-16 år som skal vurderast.

Utvikling aktivitetstal i særiddrettar 13-19 år, Sogn og Fjordane



VEDTAK

Basert på drøftingar gjer komiteen følgjande vedtak i saka:

- Ein oppmodar langrennskomiteen å vurdere alpinkingomiteen sin modell for arbeid med aldersgruppa 13-16 år. Dvs. at ein m.a. gjennom tett samarbeid med klubbane kan legge til rette for fleire treffpunkt/samlingar for nemnde aldersgruppe.
- Ein oppmodar alpinkingomiteen å vurdere ei større grad av differensiering av samling-/ treningstilbodet både på barmark og ski. Pr. i dag er samlingstilbod for ein 10-åring det same som for ein 16-åring.
- Ein oppmodar hopp- og kombinertkomiteen å arbeide vidare med idèane om ei tettare samhandling med alpinkingomiteen. Dvs. at hopp- og kombinert aktivt bør nytte alpinkingomiteen sine Fjord1 samlingar som ein del av sitt trening-/ samlingstilbod.

SAK 04 15-17

Prisnivået i skiidretten

Bakgrunn

«Idretts glede for alle» er norsk idrett sin visjon. Idretten skal vere open og inkluderande, og særleg viktig er det i barne- og ungdomsidretten.

Dette set m.a. krav til at skiidretten ikkje må legge den økonomiske lista for høgt, og det er vidare gitt signal om at kostnader som t.d. medlemskontingent, treningsavgift, reiser og kjøp av utstyr er ein av fleire faktorar som kan hindre born og ungdom sin deltakelse i skiidretten.

Ein ser vidare tendensane til at det over tid er blitt utvikla ein kultur i skiidretten med høge kostnader, som m.a. er knytt til kjøp av utstyr, deltaking på treningssamlingar, konkurransar etc.

På eit generelt grunnlag ynskjer ein å drøfte denne problematikken nærare, og evt. komme fram til konkrete tiltak/ retningslinjer som kan gjere at skiidretten i fylket på ingen måte skal framstå som ekskluderande på bakgrunn av eit unødvendig høgt kostnadsnivå.

VEDTAK

Komiteen er einig i at dette er ei reell problemstilling for ski-idretten også i Sogn og Fjordane.

Komiteen gjer vidare vedtak om følgjande tiltak:

- 1) Haldningsskapande arbeid
 - a. Utvikle eit enkelt informasjonsopplegg vedr.;
 - i. bruk av dyre gliproduct (fluorprodukt) på lokalerenn
 - ii. bruk av dyre gliproduct i høve til alder
 - iii. tal ski i høve til utøvar sin alder (ref. NSF si utviklingstrapp, langrenn)
- 2) Opprette eigne sider på facebook vedr. kjøp og salg av brukt skiutstyr

- 3) Vurdere mogleighetene for å utvikle ei ordning med felles heiskort for alle alpinanlegga i Sogn og Fjordane («fylkeskort»)
- 4) Vedtak 1 og 2 skal presenterast i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte tysdag 27. oktober 2015.

SAK 05 15-17

Basistrening på tvers av skigruppene

Bakgrunn

Det er pr. i dag lite samarbeid om trening internt i skigruppene mellom greinene (langrenn, alpint, hopp, kombinert, telemark og freestyle).

Dette er eit område som bør styrkast då det mest truleg vil føre til m.a. større treningsmiljø, betre tilgang på trenarar og ikkje minst kompetanseoverføring på tvers av dei ulike idrettane.

Med dette som bakgrunn ynskjer ein å drøfte konkrete tiltak som kan styrkje det interne treningssamarbeidet i skigruppene.

VEDTAK

Sjå vedtak i Sak 02 15-17 / Leiar- og klubb utvikling i SFSK.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar i utd.- og utv. komiteen

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef